

# MØTEBOK – TITTELARK

## FELLESRÅDSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
09.02.2017

---

**Tilstades på møtet:**

- **Medlemer:** Anita Bakke, Anny Bertelsen, Helge Dyrkolbotn, Sylvelin Strømmen Fonnes, Jusu Gylfan, Arne Lerøy, Bjørn Helge Olsen, Per Børge Hillestad

**Varamedlemer:** Einar Austrheim

**Andre:**

Kyrkjeverje Leif Arne Økland

**Desse hadde meldt forfall:** Britt Leikvoll Ystebø, Svein Tomas Villanger. Inger Synnevåg og Henrik Nielsen kunne ikke stilla som vararepresentantar.

**Desse møtte ikkje:** Kine Lerøy

**Saker til førehaving:**

Fellesrådssaker: F- 01/17 – F – 05/17

**Til møtet var medlemer og varamedlemer skriftleg innkalla.**

**Underskrift:**

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 01/17 GODKJENNING AV SAKSLISTE OG INNKALLING

**Vedtak:**

Saksliste og innkalling vart gokjent utan merknader

F – 02/17 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ 22.11.16

**Vedtak:**

Møtebok frå 22.11.2016 vart godkjent utan merknader.

F – 03/17 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK:

**Vedtak:**

Sylvelin Strømmen Fonnes og Arne Lerøy

F – 04/17 ORIENTERINGSSAKER

- a. Orientering om førebelse rekneskapstal for 2016, samt drifts og investeringsbudsjettet for 2017  
*Kom fram i møtet: Rekneskapsresultat og disponering av overskot kjem opp som sak på neste møte i soknerådet.*
- b. Orientering om løyve frå Riksantikvaren for å fjerna tre på kyrkjegardane.  
*Kom fram i møtet: Det vart orientert om innkome kostnadstilbod frå OP – skog om fjerning av trea på gravplassane på Austrheim og i Leirvågen.  
Soknerådet ønskjer pristilbod frå minst 1 aktør til, før arbeidet vert sett i gang.*
- c. Helge Dyrkolbotn tok munnleg opp si nye rolle med eigarinteresser og arbeid med gjenopning av Kilstaumen Brygge.. Han ønskte soknerådet si tilbakemelding på det å kombinera dette engasjementet med rolla som soknerådsleiar. Det var ingen merknader til dette.

F – 05/17 JUSTERING AV HUSLEIGEPRISAR KYRKJELYDSHUSET

Kyrkjelydshuset har og skal framleis vera ein attraktiv stad for bygdefolk for å kunna leiga, enten det er salen nede eller møterom i kontordelen. I 2016 har salen nede vore leigd ut til diverse festar og samkommer til private, heile 21 gonger. Vidare har salen vore leigd ut til den katolske kyrkjelyden. Dei pleier å bruka salen til gudstenester omlag 6-7 gonger i året. Salen har også vore brukt av andre, både fagforening, politiske parti og velforeining. Austrheim Songlag brukar salen aktivt ein gong i veka til sine øvingar. I tillegg brukar soknet salen til eigne arrangement.

Møteromma oppe vert også brukt – noko meir sporadisk, til lokale verksemder, ideelle lag, politiske parti, samt ulik kyrkjeleg foreningsverksemd. Kyrkja brukar eitt av møteromma til soknerådet sine møter.

Utleigeprisane har etter kvart blitt svært låge. I tillegg varierer dei ein del, særskilt med tanke på at dei som driv ideelle lag eller annan organisasjonsverksemd skal kunna møtast utan at kostnader skal hindra dette. Soknet leiger sjølv Kyrkjelydshuset gratis av kommunen, mot å ta ansvar for vedlikehaldet innomhus. Det seier seg sjølv at soknet må avspeglia dette i sin

utleigepraksis til andre og såleis liggja i det nedre sjiktet med tanke på utleigekostnader. Men no er prisnivået blitt så lågt at det etterkvart er grunn for å hevda at soknet «sponsar» den private utleiga av huset.

Det er høgare kostnad med å fakturera eit leigebeløp på 50 kroner for leige av eit møterom enn om ein hadde leigd det ut gratis. Ein bør trass alt ha litt igjen for å leiga ut. Oppvarming og fakturerring fører til meir kostnader som bør kompenseras.

Kyrkja sine eigne aktivitetar og arrangement betalar ikkje husleige.

Kjerringrokken, som er ei misjonsforening, har tidlegare betalt leige, men gjer ikkje dette lengre, sidan dei arbeider for det same misjonsprosjektet som kyrkjelyden.

Utleigeprisane er heller ikkje heilt konsistente og har behov for å justerast og bli meir oversiktlege.

Dette er dagens prisar (basert på vedtak frå 2004 og utvikla praksis som gjeldande vedtak ikkje har tatt opp i seg):

- Sal nede: kr 600 til private. (Mange kjem dagen før og lagar istand eller ryddar opp etter seg dagen etterpå)
- Sal nede: kr 250 ved utleige til organisasjonar (til dømes fagforeining og velforeining)
- Sal nede: kr 200 i utleige til den katolske kyrkjelyden
- Sal nede: kr 2000 årsleige til Austrheim songlag.
- Møterom oppe: kr 100 til lokale verksemder.
- Møterom oppe: kr 50 til organisasjonar (td politiske parti).
- Heile huset: kr 800
- Vekesleige: Ikkje meir enn kr 2000 på år.
- Leige kvar 14.dag: Ikkje meir enn kr 1000 pr år.
- Leige 1 gong i månaden: Ikkje meir enn kr 500 pr år (Det kjem ikkje fram i vedtaket frå 2004 om dette gjeld leige av salen nede eller møterom oppe).

Det hender av og til at reinhaldet/oppattryddinga kunne vore betre. Det hadde såleis vore ein fordel med at informasjonsarket leidgetakarane får – også innhold et punkt om eit tilleggsgebyr ved for dårlig reinhald.

### **Drøfting:**

Det er openbert på tide å justera prisane for å kunna kompensera litt meir for utgiftene det er til å drifta huset.

Det er ikkje urimeleg med ein prisauke over heile fjøla og mest i forhold til privat utleige.

Det bør vera ein skilnad på private og kommersielle leidgetakrar på den eine sida og lag/organisasjonar med ikkje-kommersielle interesser på den andre sida.

Det er utvilsamt eit behov for å ha meir oversiktlege prisar som ikkje er for differensierte. Ein kan stilla spørsmålsteikn ved om det er rimeleg at den katolske kyrkjelyden skal betala mindre for salen nede enn om Fagforbundet leiger den til eitt av sine møter. Det vert kanskje litt spesielt å rangera

utleigeprisar i forhold til «meir eller mindre kristeleg» aktivitet. Det vil vera ryddigare å krevja redusert pris av eit lag som leiger salen oftare enn andre – til dømes oftare enn 5 gonger i året.

På den andre sida er det rimeleg at ei foreining som «Kjerringrokken» får bruka lokala vederlagsfritt, sidan deira arbeid er direkte samanfallande med soknet sitt eige misjonsprosjekt.

Prisauken bør vera til å leva med og den bør også oppfattast ute i lokalmiljøet som rimeleg. Prisauken bør heller ikkje opplevast som eit hinder for det lokale lags og organisasjonslivet – og at soknet sine utleigeprisar ikkje skal vera prisdrivande. Men soknet bør også forventa å få aksept for at vi ikkje kan bli hengande etter slik som tilfellet er no.

#### **Framlegg til vedtak:**

Austrheim sokneråd har vedtatt følgjande regulering og justering av utleigeprisane til Kyrkjelydshuset med verknad frå 15.februar 2017:

#### **Sal nede:**

- Private/kommersielle: kr 900 kvar gong.
- Lag/organisasjonar: kr 400 kvar gong.
- Lag/organisasjonar med leige 1 gong i veka: maksimalt 3000 kr i årsleige.
- Lag/organisasjonar med månadsleige eller meir enn 5 utleiger i året: kr 300 kvar gong – maksimalt kr 2000 kvart år.

#### **Møterom oppe:**

- Private/kommersielle: kr 200 kvar gong.
- Lag/organisasjonar: kr 100 kvar gong.

#### **Heile huset:**

- Private/kommersielle: kr 1.100 kvar gong.
- Lag/organisasjonar: kr 500 kvar gong.

#### **Tilleggsgebyr:**

- Ved for därleg reinhald som medfører ekstra vask av eige reinhaldspersonale: kr 500 i tilleggsgebyr.

#### **Vedtak:**

Austrheim sokneråd har vedtatt følgjande regulering og justering av utleigeprisane til Kyrkjelydshuset med verknad frå 15.februar 2017:

#### **Sal nede:**

- Private/kommersielle: kr 1500 kvar gong.
- Lag/organisasjonar: kr 500 kvar gong.
- Lag/organisasjonar med leige 1 gong i veka: maksimalt 3000 kr i årsleige.
- Lag/organisasjonar med månadsleige eller meir enn 5 utleiger i året: kr 300 kvar gong – maksimalt kr 2000 kvart år.

Møterom oppe:

- Private/kommersielle: kr 200 kvar gong.
- Lag/organisasjonar: kr 100 kvar gong.

Heile huset:

- Private/kommersielle: kr 1.900 kvar gong.
- Lag/organisasjonar: kr 800 kvar gong.

Tilleggsgebyr:

- Ved for därleg reinhald som medfører ekstra vask av eige reinhaldspersonale: eit tilleggsgebyr på 50% av leiga.

# AISTRHEIM SOKNERÅD

## MØTEBOK – TITTELARK

### SOKNERÅDSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
09.02.17

---

**Tilstades på møtet:**

**Medlemer:**

(Anita Bakke, Anny Bertelsen, Helge Dyrkolbotn, Bjørn Helge Olsen, Sylvelin Strømmen Fonnes, Jusu Gylfan, Arne Lerøy og sokneprest Per Børge Hillestad).

**Varamedlemer:** Einar Austrheim

**Andre:**

Kyrkjeverje Leif Arne Økland

**Desse hadde meldt forfall:** Britt Leikvoll Ystebø, Svein Tomas Villanger. Inger Synnevåg og Henrik Nielsen kunne ikke stilla som vararepresentantar.

**Desse møtte ikke:** Kine Lerøy.

**Saker til førehaving:**

Soknerådsaker: S – 01/17 – S – 06/17.

**Til møtet var medlemer og varamedlemer skriftleg innkalla.**

**Underskrift:**

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

- S- 01/17 GODKJENNING AV SAKSLISTE OG INNKALLING  
**Vedtak:**  
Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.
- S- 02/17 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ 22.11.16  
**Vedtak:**  
Møteboka frå 22.11 vart godkjent utan merknader.
- S- 03/17 ORIENTERINGSSAKER
- a) Inspirasjonssamling i Meland 25.januar vedk igangsetjing av diakoniplan
  - b) Informasjon om restart av trusopplæringsnemda og planlagt forteljarserie for 5 åringane våren 2017.
  - c) «Nye» kyrkjebakken fekk svært gode tilbakemeldingar frå soknerådet.
  - d) Orientert om at det vert ordinasjonsgudsteneste for Tone Marit Håland Dyrkolbotn 25.juni.
  - e) Informasjon om Lutherjubileet og utdeling av brosyrer for Lutherfestdagane i Bergen 3. – 7.mars 2017.
- Andre tema som vart drøfta direkte i møtet:
- *Soknerådet og Kjerringrokken arrangerer ein felles basar til inntekt for Misjonsprosjektet mandag 12.juni.*
  - *Det vart stilt spørsmål om det har komen informasjon om retningslinjer i etterkant av vedtaket om likekjønna vigsel.*
- S – 04/17 OFFERSØKNADANE
- Saka var til drøfting i soknerådet på møtet i soknerådet 22.11.16. Soknerådet drøfta kriteriane for tildeling av kyrkjeofringane i 2017. Soknerådet ønskjer å erstatta kyrkjeofringane til misjonsprosjektet i Mali med ein felles basar i samarbeid med Kjerringrokken. Desse ofringane skal gå til barne og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Det same gjeld ofringa som tidlegare gjekk til det lokale speidararbeidet (dette tilbodet er no lagt ned). Det betyr i praksis ein auke i tildelingar av offer til kyrkjelyden sitt eige arbeid. Det har ikkje vore ofringar på friluftsgudstenesta (i samband med Fonneshagen) og på gudstenestene om fredagskveldane. For 2017 er det komne inn tilsaman 83 søknader om kyrkjeoffer. Det har vore tradisjon for at det alltid er nokon som får tildelt offer fast til bestemte tidspunkt. Til dømes får Kirkens Nødhjelp 4 faste ofringar, 2 på julafta og 2 på 17.mai, Det Norske Misjonsselskap får tildelt offer 1.juledag, Bibelselskapet på bibeldagen og Kirkens Bymisjon i Bergen på lysmassa. Det har også vore tradisjon at organisasjonen Giving Hope to a child får 1 offer i løpet av året. For ordens skuld har det ikkje komen søknad frå Indremisjonen og Raknestunet i år. Det har kome brev frå preses (leiande biskop), som i høve Lutherjubileet oppfordrar kyrkjelydane til å gje eit ekstra offer til kyrkjelydande sitt eige misjonsprosjekt på 1 av dei 4 temagudstenestene denne hausten. Saka har vore drøfta i AU og dette er framleggget herifrå:
- Framlegg til vedtak:**  
Austrheim sokneråd bestemmer følgjande fordeling av offersøknadane på gudstenestene for 2017:
- 15.januar: Kyrkjelydsarbeidet.

- 29.januar: Fjon Fjellkyrkje
- 12.februar: Bibelskapet (bibeldagen)
- 26.februar: Kyrkjelydsarbeidet.
- 12.mars: Giving Hope to Child.
- 26.mars IKO
- 14.april Stefanusalliansen – (langfredag)
- 16.april Sjømannskyrkja – (påskedag)
- 07.mai Kyrkjelydsarbeidet
- 17.mai: Kirkens Nødhjelp 2 x
- 25.mai: Himalpartner (Kristi himmelfartsdag).
- 28.mai: Kyrkjelydsarbeidet 2x (konfirmasjonsdagen)
- 4.juni: KRIK (1.pinsedag)
- 25.juni Kyrkjelydsarbeidet (ordinasjonsgudsteneste)
- 2.juli (?) Teltgudsteneste – felles gudsteneste
- 13.august: Friluftsgudsteneste – ikkje offer.
- 27.august: Misjonsprosjektet i Mali (konfirmantpresentasjon)
- 10.september: Kyrkjelydsarbeidet
- 24.september: Bergen søndagsskulekrins (Barnehelga)
- 1.oktober: (Eldregudstenesta)
- 8.oktober: Kyrkjelydsarbeidet (50 års konfirmantane)
- 22.oktober: Menneskeverd.
- 5.november: Kyrkjelydsarbeidet (helgemesse)
- 19.november Kirkens Bymisjon, Bergen. (lysmessa)
- 24.desember Kirkens Nødhjelp 2 x
- 25.desember Det Norske Misjonsselskap.

### **Vedtak:**

Austrheim sokneråd bestemmer følgjande fordeling av offersøknadane på gudstenestene for 2017:

- 15.januar: Kyrkjelydsarbeidet.
- 29.januar: Fjon Fjellkyrkje
- 12.februar: Bibelskapet (bibeldagen)
- 26.februar: Kyrkjelydsarbeidet.
- 12.mars: Giving Hope to Child.
- 26.mars IKO
- 14.april Stefanusalliansen – (langfredag)
- 16.april Sjømannskyrkja – (påskedag)
- 07.mai Kyrkjelydsarbeidet
- 17.mai: Kirkens Nødhjelp 2 x
- 25.mai: Himalpartner (Kristi himmelfartsdag).
- 28.mai: Kyrkjelydsarbeidet 2x (konfirmasjonsdagen)
- 4.juni: KRIK (1.pinsedag)
- 25.juni Kyrkjelydsarbeidet (ordinasjonsgudsteneste)
- 2.juli (?) Teltgudsteneste – felles gudsteneste
- 13.august: Friluftsgudsteneste – ikkje offer.
- 27.august: Misjonsprosjektet i Mali (konfirmantpresentasjon)
- 10.september: Kyrkjelydsarbeidet

- 24.september: Bergen søndagsskulekrins (Barnehelga)
- 1.oktober: (Eldregudstenesta)
- 8.oktober: Kyrkjelydsarbeidet (50 års konfirmantane)
- 22.oktober: Menneskeverd.
- 5.november: Kyrkjelydsarbeidet (helgemesse)
- 19.november Kirkens Bymisjon, Bergen. (lysmessa)
- 24.desember Kirkens Nødhjelp 2 x
- 25.desember Det Norske Misjonsselskap.

S – 05/17

## GJEVARTENESTA OG PERSONRESSURSAR

Det har vore eit uformelt møte i ei arbeidsgruppe som har drøfta dette med innretning og formål på gjevartenesta. Vi hadde møtet i etterkant av stabsmøtet den 24.januar. Med på møtet var Helge Dyrkolbotn, Trygve Gjerde, Bjarne Neteland, Per Børge Hillestad, Jostein Hauge og Leif Arne Økland. Gruppa ønskte at denne saka vert drøfta i soknerådet snarast mogeleg.

Det er eit stort behov for å styrka det kyrkjelydsbyggjande arbeidet. Dei som er friviljug engasjerte i kyrkjelyden er i stor grad dei over 60 år. Det er behov for å arbeida systematisk med rekruttering, ungdomsarbeid og auka gudstenestedeltaking. Det har vore ulike tilnærmingar til dette. Soknet har tidlegare gode erfaringar med å ha kyrkjelydsprest, inntil det finansielle grunnlaget for denne stillinga fall bort. Det eksisterer ei gjevarteneste som no vert brukt til å setja pengar inn på ein bunden konto for på sikt å tilsetja ein ungdomsarbeidar. På denne gjevartenesta kom det i 2016 inn kr 41.600,-. Samla er det på denne kontoen no komen inn kr 105.000,-.

Problemet med gjevartenesta til no, har vore at formålet har vore litt uklart. I drøftinga på det aktuelle møtet den 24.januar kom det fram at det er ønskjeleg å ta opp igjen om det er grunnlag for å finansiera ei prestestilling lokalt – gjerne i eit samarbeid med Fedje. Om formålet er tydeleg nok, bør det vera eit godt nok grunnlag for å få eit vesentleg større utbytte av gjevartenesta.

På møtet kom det fram eit ønskje om å forplikta seg til å dra i gang eit prosjekt med å engasjera ein kyrkjelydsprest i eit 3 årig prosjekt – helst i samarbeid med Fedje.

Dette kom fram i møtet:

*Vi kan godt bli meir frimodige i forhold til gjevartenesta og bevisstgjera oss på at eigenfinansiering vert meir og meir aktuelt grunna endringane i relasjonen mellom kyrkja og staten.*

*Soknerådsleiar skriv om gjevartenesta i neste nummer av Kyrkjebakken og oppfordrar fleire til å melda seg på.*

*Konkretisering av formålet er uansett viktig.*

## Vedtak:

Saka vart tatt til vitande.

Saka vart lagt til etter ønskje frå soknepresten. Han har eit behov for å få soknerådet si tilbakemelding på kvar han skal vektleggja sine ressursar. Saka heng saman med behovet for å tenkja strategisk og om ein skal satsa på barn og unge – eller vaksne. Per Børge Hillestad orienterte om ungdommar (hovudsakleg frå Fedje), han har hatt med seg til ei samling kalla Impuls i Stavanger, siste helga i januar. Dette vart ei positiv oppleving for alle partar. Ungdommane bidrog også på gudstenesta i samband med denne helga.

Dette kom fram i møtet:

*Soknerådet bør gå inn for ein ny runde på sitt strategiarbeid. Per Børge Hillestad innleier til neste møte i AU, som utarbeidar ein framdriftsplan. Soknerådet meiner arbeidet med barn og unge bør prioriterast framfor meir perifere oppgåver (som til dømes ulike foredrag i kommunal regi), sjølv om dette i seg sjølv er positivt for samarbeidet mellom kommunen og kyrkja.*